



The Hammond Experience i aksjon i Dønhaugkjedlaren fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det har vore ei helg med stor variasjon på Dønhaug Gjestegard – frå hammond-nostalgi på fredagskvelden til seglareventyr laurdag. Men igrunnen var det noko eventyrleg også over konserten til The Hammond Experience..**



Hammond-professoren kjem aldri til å spela på japansk plastikk! (Foto: Ola Matti Mathisen)

For det er jo ganske utruleg at eit band i våre dagar dreg land og strand rundt med eit hammondorgel frå 1963 – altså frå den aller første 'hammond-alderen'. Men The Hammond Doctor Morten Golten får sannelig liv i det og hadde denne kommentaren til uskedalen.no: - For meg blir det aldri aktuelt å spela på japansk plastikk!

Men sjølv om Golten er dyktig, vil nok mange av dei 50 som hadde ein stor blues-kveld i Dønhaugkjedlaren gje bestemannspremien til trommeslagaren Per Eriksen - eit fyrverkeri med stikkene! Så har han da også gått som ein skyttel mellom ei rekkje av landets beste bluesband heilt sidan 1970-talet : R&B Express, CIA Bluesband og Buckshot Hunters er tre av dei. Eriksen er også ein dyktig pedagog og har gjeve ut kritikkaroste soloalbum. Tredjemannen er heller ikkje nokon skårunge; Bent Patey har ved sida av å ha sitt eige prosjekt bidrege på meir enn 30 plateinnspelningar for andre musikarar.

Saman står dei fram som eit band prega av stor røynsle og presisjon. Dei tre stortrivdes i Dønhaugkjedlaren . Eit slikt konsertlokale hadde dei under si lange fartstid berre opplevd ein stad i landet – og det var i Lillestrøm!

Laurdagskvelden var det 'stinn brakke' og meir enn 70 til stades då Mette og



Bjarne Lilleås på veg inn i eventyret. (Frå programmet på Dønhaug)

Bjarne Lilleås fortalde levande og fengslande om sitt seglareventyr, som etter 20 års planlegging vara frå 17. juni 2005 til 9. juli 2006. Også eit anna par frå Uskedalen fekk seg ein minnerik tur med Fatuhiva. Det var Kurt og Eva Haugland .

Ikkje for å fornærma Bjarne, han er ein sprudlande forteljar, men vi kunne med fordel å ha høyrte meir frå Mette i programmet, som hadde ein flaum av gode bilete som basis. Paret imponerte mange stort med si skildring av turen på nettet, no imponerte dei enda meir, ikkje minst med si evne til å få med seg dei små, spanande detaljane og til å knytte kontakt med folk.

Paret har gjort det som mange tenkjer på men som dei ikkje har mot nok til å gje seg ut på: Dei har realisert draumen sin. Og når ein spør Bjarne kva det eigentleg var som fekk han til å satsa på ein segltur over Atlanteren og attende, er svaret enkelt og lettfatteleg: - Eg hadde lyst!

- Det var ein fin tur. Vi møtte mange kjekke folk og hadde eit fantastisk mannskap. Dette er noko vil vi anbefale for alle, legg han til.

Kostnadene bør heller ikkje skremma nokon: Til dømes gjekk det med 'berre' 1.560 liter diesel. Men turen var nok på andre måtar noko tøffare enn vi fekk inntrykk av i Dønhaugkjedlaren.



Bjarne (foran) og Mette Lilleås hadde mange om bord på båten under ferda og her er nokon av dei samla i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Forteljinga til Mette og Bjarne var også eigna til å gjera oss svoltne på å vitja fleire stader i dei vestlege delane av vår eigen verdsdel, ikkje minst Skottland og Portugal. Og glimta frå øygruppene Kapp Verde og Azorane fortalde at dei fortener å bli fristande reisemål også for nordmenn i framtida. Men sjølve kremen var sjølvstøtt øyhoppinga i det karibiske område, som kan få nokon kvar til å gå til reisebyrået.

Bjarne er ein av karane i Humlepungen Ølbryggjarlag og det var dei som sto som arrangørar i Dønhaugkjedlaren. Humlepungen hadde i kjent stil knytta ferda inn i ei fin song-ramme som var tilpassa temaet. Og denne Sande-strofa høvde fint som ein karakteristikk av Bjarne Lilleås:

' Han har kjennskap til alt og til alle ifrå kvinnfolk til ville dyr, og kvart ord han i flokken lar falle andar av eventyr!' Av Ola Matti Mathisen



Også Kurt og Eva Haugland frå Uskedalen fekk ta del i eventyrseglinga. (Frå programmet på Dønhaug)